
Søklar

Organisasjonsopplysningar

Organisasjonsnamn	Vestland fylkeskommune, seksjon for bibliotekutvikling
-------------------	--

Postadresse	Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen
-------------	--

Postnummer	5 020
------------	-------

Poststad	BERGEN
----------	--------

Kontonummer	81 110 781 083
-------------	----------------

Leiar av institusjonen

Fornamn	Elin
---------	------

Etternamn	Golten
-----------	--------

Telefon	47 237 315
---------	------------

E-post	Elin.Golten@vlfk.no
--------	---------------------

Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Ja
--	----

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Innsatsområde
-------------	---------------

Innsatsområde	• Nye samarbeidsformer
---------------	------------------------

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Å Vestland, Vestland! - nye og revitaliserte samarbeid i eit nytt fylke
Mål	Vi vil styrke tenestene til bibliotekbrukarane i fylket gjennom nye former for samarbeid, revitalisering av eksisterande samarbeid, og etablering av ein ny digital samarbeidskultur.

Prosjektbeskriving

Bakgrunn

Biblioteksamarbeid er og har vore ei viktig kjelde til fagleg utvikling i begge dei tidlegare fylka, Sogn og Fjordande og Hordaland, som no er samla i Vestland fylke. Biblioteksamarbeida har blitt utvikla gjennom fleire større utviklingsprosjekt, sist i prosjekta «Saman for framtida» (2012-2014) og «Biblioteklandskap i endring» (2011-2013), og er forankra i gjeldande kulturplanar. Samarbeida fungerer som lærande nettverk eller praksisfellesskap, og bidrar både til felles ressursutnytting, betre bibliotektenester og til styrka kompetanse blant dei bibliotektilsette.

I 2020 vart kommune- og regionreforma gjennomført, noko som har gitt endringar med større og samanslåtte folkebibliotek, kommunar og fylke. Som følgje av reforma er det behov for å vurdere dei eksisterande regionale samarbeida på nytt. Eit større kollegium kommunalt og regionalt dannar også nye rom for samarbeid. Folkebiblioteka er i stor endringar relatert til det ein kan kalle ei sosial vending, med auka fokus på sosial interaksjon og rolla som møtestad og debattarena, og det ein kan kalle ei digital vending, med vekst i digitale tenester og tilbod. (Audunson et al, 2020) Endringane stiller krav til ny kompetanse og dugleik for dei tilsette i biblioteka, og gjev auka behov for kollegial støtte både fagleg og sosialt. Digitale samarbeidsplattformar gjev grunnlag for nye samarbeid uavhengig av geografisk nærleik, og for nye samarbeidsformer for nye og eksisterande samarbeid.

Seksjon for bibliotekutvikling gjennomførte våren 2020 ei spørjeundersøking (sjå vedlegg) retta mot folkebiblioteka i fylket utanom Bergen, der nokre spørsmål var relatert til biblioteksamarbeid. Undersøkinga viser at om lag alle biblioteka (93%) deltek i eit regionalt biblioteksamarbeid. Biblioteka rapporterer at dei i stor grad opplever utbytte av samarbeida i høve ressursar som blir brukt, mellom anna når det gjeld fagleg og sosialt fellesskap, felles arrangementsturnear, deling av kompetanse, å løyse felles utfordringar, og å dele planar, idear og erfaringar. Ved ny kommune- og fylkesstruktur, ønskjer biblioteka å halde fram med samarbeida. Om lag halvparten (47%) ønskjer i tillegg også å danne nye formar for samarbeid, basert i stor grad på ulike samarbeidstema knytt til tenester i biblioteka. Biblioteka rapporterer behov for støtte frå seksjon frå bibliotekutvikling mellom anna når det gjeld faglege innspel og blick frå utsida, prosjektutvikling og søknadsskriving, og økonomisk støtte. Det er også behov for kurs og kompetansehevande tiltak på prosjektutvikling/ søknadsskriving, prosjektleiing, og kompetansedeling/ praksisfellesskap.

Innhaldet i prosjektet

I prosjektet skal vi etablere varige strukturar for biblioteksamarbeid i Vestland fylke gjennom å:

1. Utforske nye samarbeid og vurdere eksisterande samarbeid

Med utgangspunkt i erfaringar frå tidlegare samarbeid og svar frå spørjeundersøkinga går vi i dialog med kommunane for å kartlegge vidare kva tema som er aktuelle å danne nye samarbeid rundt. Vi vil også vurdere eksisterande samarbeid relatert til funksjon og ny kommune- og fylkesstruktur.

2. Etablere nye og revitalisere eksisterande samarbeid

Vi vil kople samarbeidspartar og etablere treffpunkt, samt tilby ein søknadspott for midlar til organisering, koordinering og utvikling av samarbeida for å bygge varige strukturar for samarbeid. Kompetanseutvikling vil vere sentralt for å samarbeide på nye måtar og for å revitalisere eksisterande samarbeid.

3. Kompetanseutvikling

Kompetanseheving vil gå føre seg på tre område:

- Heve kompetansen på det å samarbeide og å utvikle gode digitale praksisfellesskap, samt prosjektutvikling og prosjektarbeid.
- Heve kompetansen på ulike relevante samarbeidstema.
- Heve kompetansen på digital samhandling

4. Utforske og etablere ein ny digital samarbeidskultur

Utforske mogelegheita som det digitale gjev for relasjonsbygging og samhandling, og ta i bruk digitale samhandlingsverktøy. Erfaringar frå tidlegare samarbeidsprosjekt viser at også meir uformell erfaringsdeling og det å vere ein del av eit fagleg/sosialt nettverk er viktig og fører til kreativitet, motivasjon og betre tenester for brukarane. Relevante spørsmål er korleis ein skal bygge fellesskap og tillit gjennom digital samhandling, og om det er måtar å organisere møte og samarbeid på som legg til rette for uformell erfaringsdeling og prat som erstatning for fysiske møte.

Referanse

Audunson, R., Hobohm, H., & Tóth, M. (2020b) How do librarians, archivists and museum professionals conceive the respective roles of their institutions in the public sphere. I R. A. Audunson (Eds), Libraries, archives and museums as democratic spaces in a digital age. (p. 165 – 184) De Gruyter Saur.

Framdriftsplan

Prosjektet er

Toårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving	Kartlegging av korleis eksisterande samarbeid fungerer, og kva tema som er aktuelle å danne nye samarbeid rundt. Spørjeundersøking og samtale med biblioteka.
------------	--

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.08.2021
Til dato	31.10.2021

Beskriving	Etablere nye samarbeid, basert på ønske og behov som har kome fram.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.11.2021
Til dato	31.05.2022

Beskriving	Kompetanseutvikling: Gjennomføre fleire kurs i organisatoriske tema knytt til samarbeid og i dei faglege tema som er basis for nye samarbeid.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.01.2022
Til dato	31.03.2023

Beskriving	Utarbeide kriterium og lyse ut søknadspott for midlar til organisering og koordinering
------------	--

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.05.2022
----------	------------

Til dato	31.08.2022
Beskriving	Identifisere og implementere digitale samhandlingsverktøy
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.08.2021
Til dato	31.07.2022
Beskriving	Opplæring i digitale verktøy og samarbeidskultur
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.11.2021
Til dato	31.07.2022
Beskriving	Digital relasjonsbygging - utprøving og arbeid i digitale verktøy
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.11.2021
Til dato	30.06.2023
Beskriving	Evaluering, kunnskapsdeling og rapportering
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.06.2023

Til dato

31.07.2023

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om
framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket 500 000

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	Eigeninnsats
------------	--------------

Beløp	685 000
-------	---------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	1 185 000
---------------------------------	-----------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	
------------	--

Beløp	360 000
-------	---------

Beskriving	
------------	--

Beløp	325 000
-------	---------

Beskriving	Kursutgifter
Beløp	300 000

Beskriving	Pott biblioteka kan søke om for å vidareutvikle sine samarbeid
Beløp	200 000

Utgifter totalt 1. prosjektår: 1 185 000

2. prosjektår

Inntekter 2. prosjektår

Beskriving	Eigendel
Beløp	685 000

Beskriving	Tilskot frå Nasjonalbiblioteket
Beløp	400 000

Inntekter totalt 2. prosjektår: 1 085 000

Utgifter 2. prosjektår

Beskriving	Prosjektleiing og -arbeid fylkeskommunen, 0,5 årsverk
Beløp	360 000

Beskriving	Arbeid i kommunane (anslått gj. snitt 1 vekerverk pr kommune over 2 år)
Beløp	325 000
Beskriving	Kursutgifter
Beløp	200 000
Beskriving	Pott biblioteka kan søke om for å vidareutvikle sine samarbeid
Beløp	200 000
Utgifter totalt 2. prosjektår:	1 085 000
Totalt	0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
Namn	Folkebiblioteka i Vestland
Beskriv samarbeidet	Vil delta i arbeidet med å revitalisere eksisterande og etablere nye samarbeid.

Vedlegg

Last opp vedlegg

-
- [spørjeundersøking 2020 samarbeid.pdf](#)

Sammendrag og innsending